

Voss Parkering AS

Historie og vedtekter,
nøkkeltal, eigarstrategi og planar

Historie

- * Voss Parkering AS er eit føretak heileigd av Voss herad.
- * Voss heradsstyre er føretaket sitt øvste organ.
- * 1987 – avgiftsparkering innført på Voss
og Voss Parkeringssselskap AS vart oppretta.
- 1994 – kommunestyret vedtok at drifta skulle leggjast under Teknisk kontor.
- 2003 – kommunestyret vedtok å stifte Voss Parkering AS.

Føremålet til Voss Parkering AS:

- Bygging og drift av parkeringsanlegg i Voss herad
- Medverka til å redusera trafikkbelastninga i sentrumsområdet
- Utvikla gode tilbod for gåande og syklande.
- Istandsetting, tilsyn, vedlikehald og utvikling av Vangen som regionsenter.
- Utføra heradet sine oppgåver etter «forskrift om offentleg parkeringsgebyr, og «forskrift om vilkårsparkering for ålmenta og handheving av parkeringsreguleringar (parkeringsforskrifta)».

Verdigrunnlag

Selskapet skal drivast etter forretningsmessige prinsipp, men ha eit utprega samfunnsansvar.

Selskapet skal vera kjenneteikna av høg kompetanse, service og samhandling med omgivnadane.

Voss herad sin eigarstrategi

- Voss herad har vedteke eigarstrategi for Voss Parkering AS.
- Forventingar til selskapet:
«Voss Parkering skal ta samfunnsansvar, vera klima- og miljøbevisst og vera ei lokal drivkraft for berekraftig utvikling i regionen vår. Verksemda skal levera resultat som medverkar til verdiskaping og utvikling for eigar, konsern og tilsette».

Styret

- **Styret si samansetning:** Selskapet skal ha eit styre på 5 medlemer og 4 varamedlemer. 5 medlemer og varamedlemene skal veljast av generalforsamlinga der 2 medlemer skal vere huseigar eller næringsdrivande på Vossevangen.
- Voss Parkering har vedteke **Instruks for styringa av selskapet**, med oversikt over styret sin funksjon, oppgåver og ansvar, reglar for innkalling og møtehandsaming og dagleg leiar sine arbeidsoppgåver og plikter overfor styret.

Fakta og nøkkeltal

- Voss Parkering AS har i dag fem tilsette, og kontorlokala ligg i Voss Forretningsbygg. Arbeidsmiljø og trivsel er god.
- Driftar ca 1300 parkeringsplassar, på gateplan og i Stasjonsgarasjen og Vossapark.
- Voss Parkering Vest vart i 2024 fusjonert inn i Voss Parkering AS.
- **2024** Driftsinntekter: 19,4 mill.
Driftskostnader: 14,2 mill.
Resultat etter finanskostnader og skatt: 3,2 mill.kr
Eigenkapital: 21 mill.

Viktige hendingar 2024/2025

- Skifte av dagleg leiar for tredje gong i løpet av tre år
- 2024: Voss Parkering Vest AS fusjonert med Voss Parkering AS
- Februar 2024 auka takstar for korttids- og langtidsparkering
- Voss Parkering lanserte eigen App
- Tilbodsrunde for drift av parkering ved Voss Stasjon
- Trygg sykkelparkering i Vossapark
- Styre-kurs

Planar for 2026

- Skilting inn til parkeringshusa
- Ny oppmerking av parkeringsplassar i sentrum
- Jobbe vidare med sykkelparkering
- Økonomi- og strategiarbeid vil halda fram

Vossaklima 2030

- Redusere trafikkbelastning
- Flest mogeleg parkere i parkeringsanlegg
- Sykkelparkering
- Samarbeid med festivalar og arrangement

FN sine berekraftsmål og Voss Parkering AS

- 3: God helse og livskvalitet
- **9: Industri, innovasjon og infrastruktur**
- **11: Berekraftige byar og lokalsamfunn**
- 13: Stogga klimaendringane
- **17: Samarbeida for å nå måla**